
Saksnr: 2020/72402-2
Saksbehandlar: Torill Klinker

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Hovudutval for samferdsel og mobilitet		12.01.2021

Brukarbetaling på dei fylkeskommunale innfartsparkeringsplassane - oppfølging av utsetjingsvedtak 04.11.2020

Forslag til vedtak

1. Det vert ikkje innført brukarbetaling på dei fylkeskommunale innfartsparkeringsplassane for budsjettåret 2021.
2. Hovudutval for samferdsle og mobilitet sluttar seg til at det vert oppretta ei arbeidsgruppe innanfor Miljøløftet, som vil utarbeida overordna føringar for fagområdet innfartsparkering for heile avtaleområdet.
3. Dei overordna føringane vert lagt fram for lokalpolitisk handsaming hjå partane i Miljøløftet, inkludert hovudutval for samferdsel og mobilitet, og skal deretter inngå som ein del av handlingsprogrammet.

Samandrag

Hovudutval for samferdsle og mobilitet fatta den 04.11.2020 vedtak om utsetjing av sak om brukarfinansiering på innfartsparkeringsanlegga våre. I fylkestinget sitt budsjettvedtak den 15.12.2020 har ein gått bort frå kravet om inntekt på dei fylkeskommunale innfartsparkeringsanlegga for det komande budsjettåret.

Fylkesdirektør for mobilitet og kollektivtransport er no i ferd med å oppretta ein arbeidsprosess som skal utarbeide strategiske retningsliner for satsingsområdet innfartsparkering. Retningslinene skal vera førande for satsingsområdet i heile avtaleperioden.

Håkon Rasmussen
fylkesdirektør

Torill Klinker
seksjonssjef

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

I samband med budsjettvedtak desember 2019 vart det lagt inn ei bestilling på å innføra brukarbetaling på innfartsparkeringsanlegga våre, med ei samla inntekt på 6 mill. årleg. I hovudutval for samferdsle og mobilitet den 04.11.2020 vart det lagt fram sak om brukarfinansiering. Saka vart utsett, med ny bestilling om å vurdere kollektivtilbodet for kvart parkeringsanlegg, samt å vurdere alternativ bruk av arealet for tre av plassane.

Fylkestinget har, gjennom budsjettprosessen for 2021, gått bort frå kravet om inntekt på dei fylkeskommunale innfartsparkeringsanlegga.

Styringsgruppa for Miljøløftet drøfta saka den 13.11.2020, der det kom innspel om at denne typen saker i framtida vert sendt på høyring til dei berørte kommunane. Styringsgruppa slutta seg til at framtidige endringar for innfartsparkeringane, inkludert brukarfinansiering, vert gjenstand for drøfting i styringsgruppa før ei eventuell innføring av parkeringsavgift. Fylkesrådmannen peika i styringsgruppa på at fagområdet innfartsparkering, som er eitt av fire satsingsområde i byvekstavtalen, gjerne kan løftast inn i Miljøløftet sin organisasjon og handterast vidare der.

Fylkesdirektøren meiner det er eit godt innspel å inkludera alle partane i Miljøløftet i vidare vurderingar av tematikken kring innfartsparkering, og at det er behov for ei strategisk tilnærming til korleis ein skal handtera dette satsingsområdet. Ein bør definere klare målsetjingar for ein innfartsparkeringsstruktur innanfor avtaleområdet, utarbeida ein plan for eventuell utbygging og presisere kva målgrupper som skal prioriterast. Ein må også avklare korleis innfartsparkeringsstrukturen skal finansierast, både med omsyn til investering og drift, innanfor rammene av byvekstavtalen.

Fylkesdirektøren har i Miljøløftet si administrative koordineringsgruppe (AKG) den 03.12.2020 fått tilslutning til at det vert oppretta ei arbeidsgruppe med deltakarar frå partane i Miljøløftet.

Arbeidsgruppa skal mellom anna gjera strategiske vurderingar av behov for eksisterande og eventuelt nye innfartsparkeringsanlegg, lokalisering innanfor avtaleområdet, og retningslinjer for eventuell brukarbetaling. Vurderingane skal vera førande for satsingsområdet i heile avtaleperioden.

Arbeidsgruppa skal ikkje fatta beslutningar om konkrete prosjekt, men utarbeide overordna føringar som eit underlag til Miljøløftet sitt handlingsprogram. Representant frå VLFK vil vera leiar av arbeidsgruppa.

Vedtakskompetanse

Saka er ei oppfylging av PS-sak 93/2020 som vart lagt fram for hovudutvalet med fylgjande grunngjeving: *Økonomireglementet punkt 3.2 slår fast at Hovudutvala har mynde til innanfor sitt budsjett- og ansvarsområde å gjere endringar i og mellom løyvingsnivåa i driftsbudsjettet slik det går fram av budsjettreglement og dei årlege budsjettvedtak.* Også denne saka vert difor lagt fram for hovudutval for mobilitet og samferdsle for endeleg avgjerd.

Vurderingar og verknader

Økonomi: Ikkje relevant.

Klima: Ikkje relevant.

Folkehelse: Ikkje relevant.

Utviklingsplan for Vestland 2020-2024 (Regional planstrategi): Ikkje relevant.

Konklusjon

Fylkesdirektøren meiner det er eit godt grep å inkludera alle partane i Miljøløftet i vidare vurderingar av tematikken kring innfartsparkering, og at det er behov for ei strategisk tilnærming til korleis ein skal handtera dette fagområdet, som er eitt av fire satsingsområde i byvekstavtalen. Fylkesdirektøren presiserer at leveransen frå arbeidsgruppa vert lagt fram for handsaming i hovudutval for samferdsel og mobilitet, før den inngår som ein del av Miljøløftet sitt handlingsprogram.